



## **Møte i Studentparlamentet**

nr 2/22-23

Onsdag 02. november 2022  
Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

## Saksliste

Sak 13 – 22/23: Opprop og val av møteleing .....	3
Sak 14 – 22/23: 14.1 Godkjenning av innkallinga .....	3
Sak 14 – 22/23:14.2 Godkjenning av sakslista .....	4
Sak 14 – 22/23:14.3 Godkjenning av referat frå møte 10.10.22 .....	4
Sak 15 – 22/23:Orienteringar .....	6
Sak 16 – 22/23: Orientering frå Studentombodet .....	7
Sak 17 – 22/23: Presentasjon av Fadderveka '22 med årets rekneskap .....	8
Sak 18 – 22/23: Parkering på høgskuleområdet .....	9
Sak 19 – 22/23: Høyring – forskrift om opptak, studium og eksamen ved HVO .....	10
Sak 20 – 22/23: Revidering av budsjett.....	12
Sak 21 – 22/23: Arbeidsprogram 22-23 .....	14
Sak 22 – 22/23: Innspel til HVO sitt investeringsbudsjett .....	15
Sak xx – 22/23: Eventuelt .....	15

## Sak 13 – 22/23: Opprop og val av møteleing

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

---

### Namneoppop

#### Val av møteleing

##### AU sitt forslag til vedtak:

- Rikke Jenny Pettersen er dagens ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad er dagens referent
- Severine Riise Eidem og Nina Skara Pettersen er dagens teljekorps

## Sak 14 – 22/23: 14.1 Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

---

##### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

## Sak 14 – 22/23: 14.2 Godkjenning av sakslista

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av sakslista må meldast inn under dette punktet.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande saksliste for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 02.11.22	*	Saksansvarleg
16.00	00	Felles middag		Leiar
16.30	13	Opprop og val av møteleiar	V	Ordstyrar
16.30	14	Godkjenningar: Innkalling, saksliste og referat	V	Ordstyrar
	15	Orienteringar	O	Leiar
16.45	16	Orientering frå Studentombodet	O	Fagansvarleg
17.25	17	Presentasjon av Fadderveka '22 med årets rekneskap	V	Leiar
17.35	18	Parkering på høgskuleområdet	D	Nestleiar
17.45		Pause		
18.00	19	Høyring – forskrift om opptak, studium og eksamen ved HVO	V	Velferd
18.15	20	Revidering av budsjett	V	Org.kons.
18.25	21	Arbeidsprogram 22-23	V	Leiar
19.10	22	Innspel HVO sitt investeringsbudsjett	D	Internasjonalt
19.30		Eventuelt		
20.00		Møtekritikk, møteslutt		

\*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

## Sak 14 – 22/23: 14.3 Godkjenning av referat frå møte 10.10.22

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar  
Vedlegg: Vedlegg 1. Referat frå møte i Studentparlamentet 10.10.22

Studentparlamentet godkjenner formelt møtereferatet frå sist møte.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 10.10.22.



## **Sak 15 – 22/23: Orienteringar**

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: Leiar

---

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Oppsummering frå NSO haustkonferanse 28.-30.10.22 der leiar og nestleiar har deltatt (Severine tar)
- Arrangert allmøte for tillitsvalde (Nina tar)
- Demonstrasjon mot innføring av skulepengar (TF)
- Invitasjon til 100-års markering for Kaarstad-huset (TF)
- Rekruttering til fadderstyre pågår enno (TF)

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

## Sak 16 – 22/23: Orientering frå Studentombodet

Type sak: Orienteringssak  
Saksframleggar: Fagansvarleg Nina Skara Pettersen

---

Høgskulen i Volda har fått nytt Studentombod! Ho heiter Gøril Hillersøy, og kjem på besøk til oss i møtet, der ho vil orientere om arbeidet sitt og korleis ho kan bistå studentar i studiekvardagen. Det vil vere ope for spørsmål og kommentarar.

### Bakgrunn

Studentombodet er ein uavhengig, nøytral og konfidensiell bistandsperson som kan gi råd og vegleining til studentar knytt til juridiske rettar og plikter ein har som student. Alle universitet og høgskular har eit studentombod tilknytt institusjonen. Høgskulen i Volda deler studentombod med Høgskulen på Vestlandet. Gøril Hillersøy har kontorstad Førde, men er også innom ved Høgskulen i Volda fleire gongar ilt semesteret, og kan enkelt nåast digitalt og per telefon.

Les meir her:

<https://www.hivolda.no/nyhende/nytt-studentombod-ikkje-nol-med-ta-kontakt>

## Sak 17 – 22/23: Presentasjon av Fadderveka '22 med årets rekneskap

Type sak:	Vedtaks sak
Saksframleggar:	Leiar Trond Fredrik Hoddevik
Vedlegg:	Vedlegg 2. Budsjett og rekneskap for årets fadderveke

---

Styret for Fadderveka '22 orienterer om arbeidet med årets Fadderveke, og legg fram budsjett og rekneskap for Fadderveka. Det er ope for spørsmål og tilbakemeldingar.

### Bakgrunn

Studentparlamentet har ansvar for å opprette styret for Fadderveka kvart år, sørge for god dialog med styret i planlegging og gjennomføring av Fadderveka, samt å sikre ei god evaluering i etterkant. Verva i styret til Fadderveka er honorerte.

#### **Styret for Fadderveka '22 har bestått av:**

Leiar – Matilde Tafjord Rødhammer  
Fadderansvarleg – Sarita Olivia Maureria  
Arrangementsansvarleg – Tormod Knapstad  
Økonomi- og sponsoransvarleg – Simen Toverud

Styret skal også ha ein nestleiar og ein PR-ansvarleg, men har ikkje vore fulltallige i år, sidan studentane som først fekk tildelt desse verva, trekte seg undervegs. Dette har gitt ei ekstra arbeidsmengde på det sitjande styret og på AU i Studentparlamentet.

#### **AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet godkjenner rekneskapen til Fadderveka 2022.



## Sak 18 – 22/23: Parkering på høgskuleområdet

Type sak: Diskusjonssak  
Saksframleggar: Nestleiar Severine Riise Eidem

---

Studentparlamentet tok saka opp til leiingsmøte med rektorat og SiVolda. Det blei utfordra på framtidige planar for høgskuleområdet og parkeringsbehov.

Følgjande kom ut av møtet:

- Statsbygg har retningsliner på at det ikkje skal byggast fleire parkeringsplassar, med mindre av særskilde behov
- HVO har planar om å byggje eit sykkelhus til mellom BK og Kaarstad
- Etablering av ein gå-kampanje retta mot studentar som bur i Volda på vårsemesteret.
- Det ligg ingen plan for erstatning av parkering der nytt badeland kjem.
- Det ligg førebels plan om parkeringshus under nytt innovasjonssenter der Aasen-huset står i dag.
- Det har blitt vurdert tidlegare om innføring av betaling for parkering, men kommunen har motsett seg innføringa.

### Bakgrunn

På førre møte blei det parkering på høgskuleområdet teke opp som eventuell sak. AU fekk ansvar for å ta saka vidare til behandling.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet tek saka til vitande.

## Sak 19 – 22/23: Høyring – forskrift om opptak, studium og eksamen ved HVO

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Velferdsansvarleg Andrine Kompen
Vedlegg:	Vedlegg 3. Høyringsbrev
	Vedlegg 4. Utkast endringer i forskrift om opptak, studium og eksamen

---

Høgskulen har oppe forskrift om opptak, studium og eksamen ved HVO til revidering. AU har delegert ansvaret til å skrive utkast av høyringsvar til velferdsansvarleg Andrine og leiar Trond Fredrik. Høyringsfristen er 9. november.

Utkast til høyringsvar frå AU er følgjande:

*Studentparlamentet sett pris på å bli inkludert i høyringa for revidert forskrift om opptak, studium og eksamen ved HVO. Saka kom opp til behandling på studentparlamentets møte onsdag 2. november. Mesteparten av forslaga i revidert versjon har blitt tatt positivt imot. Spesielt bra er kor godt strukturert og lesevenleg den nye versjonen er, der fleire kapittel er sett på som ein styrke.*

*Vi har likevel nokon spørsmål og eit punkt av motsetting. Dette er små, men samtidig sentrale punkt parlamentet ser behov for å ha ein oppklaring, og som bør vurderast å reversere i vidare behandling.*

Studentparlamentet stiller spørsmål knytt til følgjande punkt:

*§2-2, §2-3: Kva som gjer § 2-2, 2-3 overflødig? Er det ikkje til fordel om den fekk forbli iggande?*

*§2-8: vi ønskjer ei forklaring knytt til kommentaren: "om mastergradene er slått saman".*

*§5-2 (ny §8-2) burde det settast ei dato for når eksamen blir satt, som t.d. ved semesterstart?*

*§10-2 3): oppklaring av ordteksten og helst ein ny formulering, grunna vanskeleg tekst å forstå.*

Studentparlamentet motsett seq følgjande punkt:

*§3-8: Fjerning av tabellen og tilhøyrande relevant tekst knytt til poengutrekning, då vi ser på dette som sentral info for tidlegare studentar.*

### Bakgrunn

Bakgrunnen for at det er utarbeida revidert forskrift, er at gjeldande forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda (HVO-forskrifta) er frå 1. januar 2015, og sist endra 7. mars 2019. Lov om universiteter- og høyskoler (uhl) med tilhøyrande forskrifter er endra fleire gonger etter dette, seinast med verknad frå 1. august 2022. Revisjon/ending av gjeldande forskrift er med dette nødvendig.

Det er vidare endringar i uhl som vil gjelde frå 1. januar 2023. Desse endringane er også innarbeidd og/eller tatt omsyn til i utkast til revidert HVO-forskrift.

**AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet gir AU til å ferdigstille høyringssvaret med eventuelle endringsforslag som har fått fleirtalsstøtte frå møtet.

## Sak 20 – 22/23: Revidering av budsjett

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Organisasjonskonsulent Marit Aklestad

---

AU ser behov for å revidere budsjettet noko ved å flytte midlar mellom dei ulike budsjettpostane. AU har brukt meir enn budsjettert på posten informasjon/profilering. Noko av grunnen til dette, er at Hustrykkjeriet på Høgskulen har blitt lagt ned. Der har vi tidlegare trykt opp brosjyrer og liknande gratis. Det har også vore behov for å fornye profileringsmateriellet.

For å få budsjettet og rekneskapet i balanse, føreslår AU følgjande ombudsjettering:

Budsjettposten «informasjon og profilering» får tilført 14 000 kr frå dei øvrige budsjettpostane på denne måten:

- 5 000 kr frå budsjettposten seminar og kurs
- 4 000 kr frå budsjettposten møtegjennomføring
- 3 000 kr frå budsjettposten sosialt
- 2 000 kr frå budsjettposten drift/kontor/anna

På denne måten får vi overført midlar til dei ekstra utgiftene innanfor informasjon og profilering, og har framleis midlar til det vi har av planlagte utgifter i år, som i hovudsak er møter og juleavslutning for Studentparlamentet.

### **AU sitt forslag til vedtak**

Studentparlamentet flyttar 14 000 kr til budsjettposten informasjon og profilering frå dei øvrige budsjettpostane: 5 000 kr frå seminar og kurs, 4 000 kr frå møtegjennomføring, 3 000 kr frå sosialt og 2 000 kr frå drift/kontor/anna.

### **Bakgrunn**

Studentparlamentet sitt budsjett blir vedtatt i januar og går over eitt kalenderår. Driftsmidlane kjem frå Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i Volda. Midlane frå SiVolda går stort sett til velferdsmidlar som AU i Studentparlamentet deler ut til studentorganisasjonar etter søknad.

Driftsmidlar som ikkje er brukt opp ved årsskiftet, blir tilbakeført til HVO, og kan ikkje overførast til neste budsjettår.

**Slik ser budsjett og rekneskap 2022 ut per 25.10.22**

Utgifter	Budsjett	Rekneskap	Til gode
<b>Drift av Studentparlamentet</b>			
Seminar, kurs o.l.	kr 25 000	kr 18 598,00	kr 6 402,00
Møtegjennomføring	kr 30 000	kr 18 852,00	kr 11 148,00
Informasjon/profilering	kr 25 000	kr 38 904,51	-kr 13 904,51
Sosialt	kr 30 000	kr 12 438,52	kr 17 561,48
Drift/kontor/anna	kr 10 000	kr 5 831,77	kr 4 168,23
<b>Sum</b>	<b>kr 120 000</b>	<b>kr 94 624,80</b>	<b>kr 25 375,20</b>
<b>Støtte til studentaktiviteter - velferdsmidler</b>			
Fadderveka	kr 10 000	kr 10 000,00	kr -
Pris for internasjonalisering	kr 5 000	kr 5 000,00	kr -
Studentorganisasjonar	kr 120 000	kr 105 000,00	kr 15 000,00
<b>Sum</b>	<b>kr 135 000</b>	<b>kr 120 000,00</b>	<b>kr 15 000,00</b>
<b>Som totalt</b>	<b>kr 255 000</b>	<b>kr 214 624,80</b>	<b>kr 40 375,20</b>

Slik vil budsjett og rekneskap 2022 sjå ut dersom innstillinga til AU blir vedtatt:

Utgifter	revidert budsj.	Rekneskap	Til gode
<b>Drift av Studentparlamentet</b>			
Seminar, kurs o.l.	kr 20 000	kr 18 598	kr 1 402
Møtegjennomføring	kr 26 000	kr 18 852	kr 7 148
Informasjon/profilering	kr 39 000	kr 38 905	kr 95
Sosialt	kr 27 000	kr 12 439	kr 14 561
Drift/kontor/anna	kr 8 000	kr 5 832	kr 2 168
<b>Sum</b>	<b>kr 120 000</b>	<b>kr 94 625</b>	<b>kr 25 375</b>
<b>Støtte til studentaktiviteter - velferdsmidler</b>			
Fadderveka	kr 10 000	kr 10 000	kr -
Pris for internasjonalisering	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Studentorganisasjonar	kr 120 000	kr 105 000	kr 15 000
<b>Sum</b>	<b>kr 135 000</b>	<b>kr 120 000</b>	<b>kr 15 000</b>
<b>Som totalt</b>	<b>kr 255 000</b>	<b>kr 214 625</b>	<b>kr 40 375</b>

## Sak 21 – 22/23: Arbeidsprogram 22-23

Type sak: Vedtaksak  
Saksframleggar: Leiar Trond Fredrik Hoddevik  
Vedlegg: Vedlegg 5. Utkast til arbeidsprogram 22-23  
Vedlegg 6. Arbeidsprogram 21-22

---

Studentparlamentet vedtek kvart år eit arbeidsprogram som viser kva parlamentet og AU vil prioritere å jobbe med dette året. AU har utarbeida innstilling til arbeidsprogram 22-23 på bakgrunn av Studentparlamentet sitt 4-årige prinsippprogram, fjorårets program, samt innspel frå oppstartshelga 01.-02.10.22 og parlamentsmøtet 10.10.22.

Sjå vedlegg med utkast til Arbeidsprogram 22-23.

Det blir lagt opp til diskusjon og ein siste innspels/endringsrunde i møtet.

### **AU sitt forslag til vedtak**

Studentparlamentet vedtek Arbeidsprogram 22-23 med evt. endringar/justeringa som måtte få fleirtal i møtet.

## Sak 22 – 22/23: Innspel til HVO sitt investeringsbudsjett

Type sak: Vedtaksak  
Saksframleggar: Internasjonalt ansvarleg Ammy Bolme

---

Studentparlamentet kan spele inn forslag til HVO sitt investeringsbudsjett, altså på korleis Høgskulen bør prioritere midlane dei kvart år disponerer til fysiske utbetringar, oppussing eller oppgradering på Høgskulen.

AU har fått innspel frå studenthumanist og studentprest på at det er behov for oppgradering av samtalerommet for studentar, som ligg i første etasje på BK. Rommet treng nye møblar og inventar for å skape ei trivelegare atmosfære, og også betre lydisolering.

AU har også fått innspel på at det ikkje er nokon vasstasjonar på “nye” Kaarstad, så studentar må bruke toalett for å fylle vassflasker.

### **AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet prioriterer oppgradering av møblement/inventar på samtalerommet, samt fleire vasstasjonar på “nye” Kaarstad som innspel til Høgskulen sitt investeringsbudsjett 2023.

## Sak xx – 22/23: Eventuelt

Type sak:  
Saksframleggjar:

---

Møtekritikk etter formell møteslutt.